



## Innkomen sak til årsmøtet til Hafslo IL torsdag 13.februar 2020, med styret sitt framlegg til vedtak:

### Sak 11 a: Informasjonssak – status anlegg Heggmyrane og Moane

#### Saksutgreiing:

På årsmøtet i 2019 vart ny anleggsplan for Hafslo IL 2019 – 2022 vedteken med følgjande prioriteringar:

Prioritet nr. 1: Nærmiljøanlegg på Heggmyrane (rulleskiløype, K10 og K19)

Prioritet nr. 2: Lysanlegg Hafslo stadion, Moane

Prioritet nr. 3: Hopp K45

Prioritet nr. 4: Kunstgrasbane 11ar

Prioritet nr. 5: Fleirbrukshall

Prioritet nr. 6: Hopp K70

Alle anlegga i anleggsplanen vart spelt inn til den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2032, og våre prioriteringar nr.1 til 3 ligg inne i handlingsplanen for 2020-2023. Alle anlegga ligg inne i langtidsplanen.

Det er sendt inn spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion, Moane. På årsmøtet i 2019 vart det vedteke å forskuttere anlegget når spelemiddelsøknaden er godkjent. Prosessen med å få realisert anlegget vert halde fram når godkjenninga ligg føre.

For nærmiljøanlegget på Heggmyrane er det ikkje sendt spelemiddelsøknad, då det framleis manglar tilgang til areal. Reguleringsplanen er godkjent, og det pågår arbeid med ekspropriasjon av areal. Sogn Skisenter vil sende inn spelemiddelsøknad så snart ein er i posisjon til det.

Kvamsbakken er inne i sitt siste driftsår, og anleggsplanen legg opp til bygging av K45-bakke på Heggmyrane. Før spelemiddelsøknad kan sendast inn, krev det årsmøtevedtak om finansiering i Hafslo IL. På grunn av uavklarte forhold kring areal, er det ikkje aktuelt å sende spelemiddelsøknad for dette anlegget før tidlegast i 2021. Hafslo IL kjem til å ha ein dialog med Sogn Skisenter om å få på plass drifts- og vedlikehaldsavtale om både nærmiljøanlegget og K45 framover. For å kunne sende inn spelemiddelsøknad, må drifts- og vedlikehaldsavtale for anlegga vere på plass. Dersom ein får avklart tilgang til areal mm., kjem bygging av K45 på Heggmyrane opp som sak på årsmøtet i 2021.

**Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 13.februar 2020:**

Styret i dialog med aktuelle særgrupper, får mandat til å utarbeide drifts- og vedlikeholdsavtaler med Sogn Skisenter for planlagde anlegg på Heggmyrane fram mot årsmøtet 2021.

